Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Utarbeidd av Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Revidert 09.06.2023

Krav om ROS-analyse i alle planar etter plan- og bygningslova

Plan- og bygningslova forventar at all planlegging skal fremje samfunnstryggleik. ROS-analysar knytt til arealplanlegging skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betyding for om arealet er eigna til utbygging, og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av planlagt utbygging. Risiko og sårbarheit kan ligge i arealet slik det er frå naturen si side, eller kan oppstå som ei følgje av arealbruken – i og utanfor planområdet. Analysen skal fungere som eit kunnskaps- og avgjerslegrunnlag for trygg utbygging.

Bruk av sjekklista

Sjekklista er ikkje i seg sjølv ein ROS-analyse, men kan tene som utgangspunkt for å vurdere risiko og sårbarheit i arealplansaker. Tiltakshavar må gjere sjølvstendige vurderingar for å kvittere ut spørsmåla i sjekklista. Dersom de er usikre på om det føreligg risiko, skal det hentast inn fagkyndig vurdering. Alle står fritt til å tilpasse sjekklista til eige behov.

Vi meiner at sjekklista gjev størst nytte ved gjennomføring av enkle/mindre arealplanar (t.d. enkel detaljregulering, mindre reguleringsendring, mm.). I slike saker der risiko eller sårbarheit *ikkje* vert avdekt, kan utfylt sjekkliste og kommentarar gå inn i saka som dokumentasjon. Dersom risiko eller sårbarheit *vert* avdekt, må de vise dette i sjekklista, saman med utfyllande vurdering av avdekte forhold. Hugs å avklare reell risiko seinast på siste plannivå.

Sjekklista kan nyttast i dispensasjons- og byggesaker, jf. pbl. § 28-1.

Sjekklista er ikkje eigna til å dokumentere risiko og sårbarheit i større/kompliserte arealplanar.

Statsforvaltaren har samla informasjon om samfunnstryggleik i arealplanlegginga her:
https://www.statsforvalteren.no/nn/More-og-Romsdal/Samfunnstryggleik-og-beredskap/Arealplanlegging/

Noregs vassdrag- og energidirektorat (NVE) har samla informasjon om arealplanlegging her:
https://nve.no/arealplanlegging/

GisLink gjev tilgang til kart- og faginformasjon til bruk i arealplanlegginga:
http://www.gislink.no

Sjekkliste for vurdering av risiko og sårbarheit i saker etter plan- og bygningslova

Namn på tiltak/plan: Sjekkliste er fylt ut i samband med utarbeiding av planprogram for detaljregulering av Remøy bru

Alle planar etter plan- og bygningslova skal vareta omsynet til eit klima i endring.

		Inneheld analysen vurderingar knytt til klimatilpassing?	**Skriv svaret** (alle punkt er ikkje like aktuelle i alle planar)
Klima-tilpassing	a	Er kunnskapen skildra i «*Klimaprofil Møre og Romsdal*» nytta i ROS-analysen?	Forhald knytt til klimatilpassing er ikkje vurdert på noverande stadium, men vil bli vurderte i planarbeidet. Dette gjeld samtlege punkt knytt til klimatilpassing.
	b	Er klimatilpassingsdelen i «*Statlege planretningsliner for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing*» nytta i ROS-analysen?	-
	c	Vurderer ROS-analysen om klimaendringar gjev eit endra risiko- og sårbarheitsbilete, og er denne vurderinga synleggjort?	-
	d	Vurderer ROS-analysen korleis omsynet til eit endra klima kan varetakast, og er denne vurderinga synleggjort?	-
	e	Legg ROS-analysen til grunn høge alternativ frå nasjonale klimaframskrivingar når den vurderer konsekvensar av klimaendringar?	-
	f	Er det lagt vekt på gode heilskaplege løysingar og varetaking av økosystem og areal med verdi for klimatilpassing, som òg kan bidra til auka kvalitet i uteområde?	-
	g	Tek planen omsyn til behovet for opne vassvegar, blågrøne strukturar, og forsvarleg overvasshandtering?	-
	h	Vurderer planen varetaking, restaurering eller etablering av naturbaserte løysingar? (Grunngje om dersom naturbaserte løysingar veljast vekk.)	-

ROS-analyse skal gjennomførast for alle planar etter plan- og bygningslova.

		Er det knytt risiko til følgjande element? *Dersom JA - kommenter i tabellen eller i eige avsnitt/vedlegg.* *Grunngje NEI etter behov.*	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Naturgitte forhold	a	Er området utsett for snø-, flaum-, jord- og/eller steinskred?	x		Geotekniske undersøkingar må gjennomførast for å avklare faren
	b	Er området utsett for større fjellskred?		x	Ikkje relevant
	c	Er det fare for flodbølgjer som følgje av fjellskred i vatn/sjø?		x	Ikkje relevant
	d	Er det fare for områdeskred av kvikkleire?	x		Geotekniske undersøkingar må gjennomførast for å avklare faren
	e	Er området utsett for flaum og/eller erosjon? Inkluder naudsynt klimapåslag.		x	Ikkje relevant
	f	Er området utsett for stormflod? Inkluder havnivåstigning og bølgjepåverknad i vurderinga.	x		Prosjektet må tilpasse seg framtidig stormflo og eventuell bølgepåverknad.
	g	Kan utbygginga endre eksisterande risiko for omkringliggande område?	x		Eksisterande vegar har verknad på bølgeforhald. Fjerning av disse kan medføre eit endra risikobilete.
	H	Er det kjente problem med overflatevatn, avløpssystem, lukka bekkar, overfløyming i kjellar, osb?	x		Justering/heving av vegar, kan påverke overflatevatnet. Dette må avklarast i planarbeidet.
	i	Kan det vere fare for skogbrann/lyngbrann i området?		x	Ikkje relevant
	j	Anna (Spesifiser)?	x		Brupilarar og ny bru kan påverke straumtilhøva under brua. Vind må også vurderast.

		Er det knytt risiko til følgjande element?	**Ja**	**Nei**	**Kommentar**
Verksemd--risiko	a	Omfattar planen storulukkeverksemd eller farlege anlegg?		x	Ikkje relevant
	b	Er det storulukkesverksemder/farlege anlegg i nærleiken som kan utgjere ein risiko for planområdet?		x	Ikkje relevant
	c	Anna (spesifiser)?		x	Ikkje relevant

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Kraft-forsyning	a	Er området påverka av magnetfelt over 0,4µT frå høgspentliner?		x	Ikkje relevant
	b	Vil tiltaket endre (styrke/svekke) forsyningstryggleiken i området?		x	Ikkje relevant
	c	Anna (spesifiser)?		x	Ikkje relevant

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Brann/-ulukkes-beredskap	a	Har området mangelfull sløkkjevassforsyning (mengde og trykk)?		x	Ikkje relevant
	b	Har området dårleg tilkomst for naudetatar?	x		Stenging av bru vil vere kritisk for naudetatane.
	c	Anna (spesifiser)?		x	Ikkje relevant

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Omgjevnad	a	Er det regulerte vassmagasin med spesiell fare for usikker is i nærleiken?		x	Ikkje relevant
	b	Er det terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)?		x	Ikkje relevant
	c	Vil tiltaket (utbygging/drenering) kunne føre til overfløyming i lågare-liggande område?		x	Ikkje relevant
	d	Anna (spesifiser)?		x	Ikkje relevant

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Vass-forsyning	a	Er det problem knytt til vassforsyning og avløp i området?		x	Ikkje relevant
	b	Ligg tiltaket i eller nær nedslagsfelt for drikkevatn, og kan dette utgjere ein risiko?		x	Ikkje relevant
	c	Anna (spesifiser)?		x	Ikkje relevant

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Sårbare objekt	a	Medfører bortfall av kritisk infrastruktur spesielle ulemper for området?	x		Brot i vegforbindelsen vil kunne får kritiske verknader for området. Det vil også vere eit sentral tema for byggefasen.
	b	Er det spesielle brannobjekt i området?		x	Ikkje relevant
	c	Er det omsorgs- eller oppvekstinstitusjonar i området?		x	Ikkje relevant
	d	Anna (spesifiser)?		x	Ikkje relevant

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Samferdsel	a	Er det kjente ulukkespunkt på transportnettet i området?		x	Ikkje relevant
	b	Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar som kan inntreffe på nærliggande transportårer inkl. sjø- og luftfart utgjere ein risiko for området?	x		Skipstrafikk kan skade brua
	c	Er det transport av farleg gods til/gjennom området?	x		Vegforbindelsen er del av hovudvegnett og transport av farleg gods kan førekomme.
	d	Kan området bli isolert som følge av blokkert infrastruktur, t.d. som følge av naturhendingar?	x		Ny tiltak må vurderast ift. havnivåstigning, stormflo og bølgepåverknad. Kraftig vind kan også kreve stenging av bru.
	e	Anna (spesifiser)?	x		Utforming av tiltaket vil ha verknad på trafikktryggleiken i området.

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Miljø/ Landbruk	a	Vil planen/tiltaket bli råka av, eller forårsake ureining i form av lyd, lukt eller støv?	x		Støyforhold må utgreies i planarbeidet.
	b	Vil planen/tiltaket bli råka av, eller kan skape fare for akutt eller permanent ureining?		x	Ikkje relevant
	c	Vil tiltaket ta areal frå dyrka eller dyrkbar mark?	x		Omfanget vil avhenge av tilrådd alternativ i konsekvensutgreiing.
	d	Anna (spesifiser)?		x	Ikkje relevant

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Er området påverka/ ureina frå tidlegare bruk	a	Gruver: opne sjakter, steintippar etc.?		x	Ikkje relevant
	b	Militære anlegg: fjellanlegg, piggtrådsperringar etc.?		x	Ikkje relevant
	c	Industriverksemd eller aktivitetar som t.d. avfallsdeponering, bålbrenning, skipsverft, gartneri etc.?		x	Ikkje relevant
	d	Anna (spesifiser)?		x	Ikkje relevant

		Er det knytt risiko til følgjande element?	Ja	Nei	Kommentar
Tilsikta hendingar	a	Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasje-/terrormål?	x		Større skader bru vil vere kritisk for lokalsamfunnet. Med sannsynet er truleg svært lågt.
	b	Finst det potensielle sabotasje-/terrormål i nærleiken?		x	Det er ingen andre kjente sabotasjemål.
	c	Anna (spesifiser)?		x	Ikkje relevant

Sjekklista er gjennomgått den 25/09 - 26 av sign: Halvard V. Straume

3. Klimaprofil Møre og Romsdal – samanfatting av venta endringar







